



Notat

Dato: 17.08.2018
Arkivsak: 2016/9170-42
Saksbehandlar: birhau

Til: Utval for opplæring og helse
Fylkesutvalet

Frå: Fylkesrådmannen

Tilleggs poeng for musikalsk dugleik ved inntak til Vg1 Musikk/Dans/Drama

I inntaksforskrifta § 6-11 er det gitt høve til å gje tilleggs poeng ved inntak til Vg1 Musikk, Dans og Drama (MDD) på bakgrunn av dugleik, i tillegg til ordinære karakterpoeng frå ungdomsskulen.

Til og med skuleåret 2017/18 vart det gitt tilleggs poeng etter ein skala på 5, 10 og 15 poeng. Til inneverande skuleår vart skalaen for tilleggs poeng justert til 3, 6 og 9 poeng, slik det vart fatta vedtak om i FUV-sak 307/17, 7. desember 2017 - justering av tilleggs poeng for musikalsk dugleik ved inntak til Vg1 Musikk/Dans/Drama.

Ved inntaket i år som ved tidlegare år har alle søkjarar med ungdomsrett til Voss gymnas og Stord vidaregåande skule fått tilbod om plass på Vg1 MDD. Saka om tilleggs poeng for dugleik er såleis berre interessant i høve til inntak til Vg1 MDD ved Langhaugen vidaregåande skole, som har fleire søkjarar enn det er plassar.

Det er tatt inn 30 elevar til Vg1 MDD ved Langhaugen vidaregåande skole i år. Av desse har 11 elevar fått 9 tilleggs poeng, 4 elevar har fått 6 tilleggs poeng, 10 har fått 3 tilleggs poeng og 5 elevar har ikkje fått tilleggs poeng.

Inneverande skuleår er nedre poenggrense til Vg1 MDD på Langhaugen vidaregåande skole medrekna tilleggs poeng 53,5. Tilsvarende var nedre poenggrense 55 i 2017. Fram til 2017 har nedre poenggrense lege mellom 52,5 og 53 poeng men unnatak av 2016 då nedre poenggrense var 51,8 poeng. Statistisk er difor årets nedre poenggrense innanfor normalen.

Konklusjonen etter inntaket i 2017 var tydeleg, at skalaen for tilleggs poeng var for høg og at det har ført til at fagleg svært sterke søkjarar ikkje har fått tilbod om plass fordi mange med lågare karakternivå har fått mange tilleggs poeng. Fylkesrådmannen meiner at dagens modell for tilleggs poeng er betre tilpassa intensjonen i inntaksforskrifta, men at ein framleis må vere kritisk i høve til å kor mange søkjarar som får maksimum tal tilleggs poeng, sjølv om skulen meiner at det er rett ut frå dugleiksnivået.